

Nettverk av ressursssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

Årsrapport for 2025

Samandrag

Nettverket i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde hadde ved utgangen av 2025 105 ressursssjukepleiarar og 72 leiarar.

Sjukepleiarnettverket har hatt to samlingar i kvar av dei tre nettverksgruppene. Det er gjennomført eit felles introduksjonskurs for ressursssjukepleiarane og deira leiar, samt eit digitalt kurs for leiarane. Vi har gjennomført årleg fagdag for ressursssjukepleiarar og leiarar, der temaet var "Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn". Vi har gjennomført grunnkurs i palliasjon med 78 deltakarar.

Årsrapporten skal gje eit samla bilete av aktivitetar i nettverket gjennom året. Rapporten byggjar mellom anna på tilbakemeldingar frå ressursssjukepleiarane og leiarar i nettverket. Til saman har 113 svart på årleg rapportering: 86 ressursssjukepleiarar og 27 leiarar. Det syner at vi har nådd målet om 80 % deltaking ved årleg rapportering hjå ressursssjukepleiarane. 92 % av leiarane som har svara på årleg rapportering, svarar at nettverket i stor eller svært stor grad bidreg til betre kvalitet på kreftomsorg og lindrande behandling. 46 % av ressursssjukepleiarane har avsett tid til funksjonen. Det er mange kommentarar på at det vert avsett tid dersom ressursssjukepleiaren spør om dette. Vi har tru på at avsett tid påverkar kvaliteten positivt på arbeidet og i tillegg skapar kontinuitet i arbeidet for ressursssjukepleiaren.

På spørsmål om kva som fungera godt, rapportera ressursssjukepleiarane mellom anna at det er god samhandling omkring pasientgruppa, at det er positivt å få undervisning og kunnskap, men også at det er fint å få dele kunnskap vidare. Dei opplever og at dei vert tryggare i rolla, og dei opplever fagleg utvikling gjennom deltaking i nettverket. Dei skriv mellom anna at det er:

«Godt samarbeid med kollega, gode drøftingar og evalueringar knytt til dei situasjonane ein har hatt. Opplever at fleire avdelingar og instansar i kommunen tenkjer på oss som ein ressurs og tek kontakt.» Ein ressursssjukepleiar skriv at:

«Får moglegheit til å følge desse pasientane tettare opp. Hatt samarbeid med kreftkoordinator i kommunen, der vi reiser ilag på heimebesøk. Ofte ilag med pasientens fastlege. Nyttar då "Plan for lindring" og får utarbeida ein plan ilag alle.»

Formålet med nettverket

Føremålet med fagnettverket innan kreftomsorg og lindrande behandling er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbodet til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbodet skal også inkludere pårørande. Målet er at pasienten og familien skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

Nettverket skal kjenneteiknast av høg kompetanse, etisk bevisstheit, ein velfungerande organisasjon og eit godt tverrfagleg samarbeid / samhandling.

Nettverka i Helseregion Vest har utarbeidd ein strategiplan for 2025-2029, der fokusområda er **Pasient- og pårørandearbeid, Kompetanseheving, Leiingsforankring, Synleggjering og samarbeid** og **Organisering og drift av nettverket**.

Vidare blir hovudaktivitetar og resultat i 2025 skildra innanfor dei fem fokusområda i strategien. Resultata er henta frå årleg rapportering.

1. Pasient- og pårørandearbeid

Mål: Bidra til at helse- og omsorgstilbodet til pasientar og pårørande er av høg kvalitet.

Bruk av kartleggingsverktøy og nasjonale retningslinjer for symptomlindrande behandling er valde som kvalitetsindikatorar for det kliniske arbeidet. Tabellen syner resultat for bruk av ESAS-r, ressursssjukepleiarar som har innført Livets siste dagar på arbeidsstaden sin, og tal brukarar av nasjonale retningslinjer for symptomlindrande behandling.



Ein stor del kjenner til Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon, nasjonale retningslinjer og faglege råd. ESAS-r er i stor grad teke i bruk på arbeidsstaden, men vi ser at den i moderat grad er teke i bruk. Ressurssjukepleiarane har rapportert ulike årsaker til at ESAS-r er moderat brukt i praksis. Dei seier mellom anna at det skyldast manglande opplæring i personalgruppa, manglande tid og kunnskap om korleis nytte ESAS-r, og at det vert tungvint då skjema ikkje er lagt inn elektronisk og det må dobbeltførast.

25 av 86 (31 %) har rapportert at dei har bidrege til oppretting av IP/Palliativ plan til bruk i palliasjon (Norpal). 17 av 86 (71 %) har oppretta 1-2 planar medan 5 av 86 (21 %) har oppretta 3-5 planar og 2 av 86 (8 %) har oppretta 6-10 planar. Det kjem fram at prosjekt i kommunane gjer at desse planane vert oppretta i større grad enn tidlegare. I 2019 hadde 28 av 69 ressursssjukepleiarar utarbeidd ein slik plan.

2. Kompetanse

Mål: Bidra til å styrke ressurspersonane sin kompetanse i kreftomsorg og lindrande behandling. Arbeide for at kunnskap, ferdigheiter og haldningar blir formidla vidare til kollegaer på arbeidsplassen.

Lokalgruppesamling

Tema på dei obligatoriske lokalgruppesamlingane har vore:

Vår: "Skal vi kunne velge sjølv?" Om legeassistert sjølv-mord og eutanasi.

Haust: "Eldre og kreft". Implementering av pasientsentrert omsorg hos eldre pasientar med kreft. Det var og undervisning om Clinical Frailty Scale. I tillegg vart det utført fokusgruppeintervju av ressursjukepleiarane inn mot IMPACT studien ved Helse Førde. Lokalgruppesamlingane har hatt fokus på utveksling av erfaring og kompetanseheving. På lokalgruppesamlingane vår og haust var det fokus på "må" og "skal" oppgåver i nettverket. "Runde rundt bordet" set fokus på: "Kva har du gjort sidan siste samling, kva er glede og utfordringar, og kva er planane dine som ressursjukepleiar framover?" Ressursjukepleiarane må i tillegg fokusere på 3 ting som dei tek med tilbake frå samlinga.

Vi som driftar nettverket oppmuntrar alle til å nytte nettverket sine undervisningspakkar om ESAS-r, IP, grunnleggande palliasjon og om nettverket.

Tabellen syner oppmøte på lokalgruppesamlingane i 2025.

Desse tala syner at vi nådde målet om 80 % oppmøte på lokalgruppesamlingane.

Lokalgruppesamlingar	Vår	Haust
Sogn	22/28	22/28
Nordfjord	19/24	24/26
Sunnfjord/Kinn/ytre Sogn	32/39	30/41



I 2025 deltok 149 ressursjukepleiarar på nettverksmøta våre, og det er fleire enn i 2024 då 124 ressursjukepleiarar møtte på obligatoriske lokalgruppesamlingar.

59 av ressurssjukepleiarane har skrive kommentarar på kva som har fungert godt i funksjonen deira. Dei framhevar godt samarbeid på arbeidsstaden, høve til å få undervisning om relevante tema innan kreftomsorg og lindrande behandling. Andre framhevar at det er fint å få undervisningspakkar som dei kan dele vidare til kollegaer, og at pasienten og dei pårørande opplever gode pasientforløp og det vert gjeve god omsorg og lindring.

Årleg rapportering syner også at det er utfordringar i funksjonen som ressurssjukepleiar. Under frie kommentarar er det 54 personar som har teke seg tid til å kommenterer. Vi ser kommentarar som syner at ressurssjukepleiarane opplever det vanskeleg å ha ein funksjon der dei ikkje får tid og rom til å utføre oppgåvene sine. Andre framhevar mangel på tid til pasienten og dei pårørande, og at det kjennest krevjande å stå i arbeidet.



Årleg fagdag

Årleg fagdag vart arrangert 11. februar med 130 deltakarar. Tema var: “Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn.” Frå det tverrfaglege miljøet deltok lege, fysioterapeut, ergoterapeut, kreftkoordinatorar og personale frå tildelingskontor.

Evalueringa synte oss at 91 % opplevde utbytte av programmet som godt eller særskilt godt. 98 % vurderte nytta av ein slik tverrfagleg fagdag som nyttig eller særskilt nyttig.

Introduksjonskurs for nye ressurssjukepleiarar

22. april vart det arrangert eit digitalt introduksjonskurs på 1,5 time for leiarar i nettverket. 17 leiarar kopla seg opp på Teams.

30. september vart det arrangert fysisk introduksjonskurs for nye ressurssjukepleiarar og deira leiarar. Det var 12 deltakarar, og to av dei var leiarar. Det var 10 som svarte på evalueringa, og alle svarte at dagen hadde fungert godt eller særskilt godt. Det som betydde mest for dei var at dei kunne få innsikt i rolla som ressurssjukepleiar, tips og råd om korleis dei kan jobbe på sin arbeidsstad. Dei framheva og at dei sette pris på å høyre frå ein erfaren ressurssjukepleiar om korleis ho jobba på sin arbeidsstad.

Grunnkurs i palliasjon

For andre år på rad arrangerte driftsgruppa grunnkurs i palliasjon. 78 deltok på grunnkurset 11. november. Kurset var ope for alt helsepersonell som jobbar

med palliasjon, og ein stor del av deltakarane var helsefagarbeidarar. Kurset vart evaluert av 72 deltakarar i etterkant, og 63 % evaluerte at dagen hadde fungert særst godt.

Kurs/konferansar/hospitering

84 % av ressursssjukepleiarane har ikkje hospitert den tida dei har vore i nettverket. 67 % svarar at dei har fått delteke på kurs og konferansar innan kreftomsorg og lindrande behandling.

Internundervisning / vidareformidling på eigen arbeidsstad

59 % svarar på årleg rapportering at dei har hatt internundervisning og gitt informasjon med tema innan kreftomsorg og lindrande behandling på eigen arbeidsstad. 51 % har brukt undervisningsmalane om ESAS-r, nettverket / rolla som ressursssjukepleiar og grunnleggjande palliasjon. 68 % har formidla informasjon og nyhende frå lokalgruppesamlingane og frå årleg fagdag på eigen arbeidsstad. 77 % har teke initiativ til å utveksle erfaring og refleksjon på eigen arbeidsstad.

3. Forankring hjå leiar

Mål: Vere forankra i leiinga på alle nivå. Leiar og ressursperson er gjensidig forplikta på nettverksarbeidet.


Svarprosenten på årleg rapportering frå leiargruppa var på 40 %. Det er lågare svarprosent enn tidlegare år, tross at vi har vore aktive ved å tilby leiarane høve til å delta både digitalt og fysisk på introduksjonskurs.

93 % av leiarane som svarte på årleg rapportering, er kjent med mandatet for nettverket, og 81 % er kjent med funksjonsbeskrivinga: Funksjon og ansvar for ressursssjukepleiaren og næraste leiar.

52 % har hatt møte med sin ressursssjukepleiar.

92 % rapporterer at nettverket i stor grad eller svært stor grad bidreg til betre kvalitet på kreftomsorg og lindrande behandling.

I kor stor grad meiner du at nettverket bidreg til ein betre kvalitet på kreftomsorg og lindrande behandling?



Leiargruppa som rapporterte framhevar under frie kommentarar at nettverket verkar inn positivt ved at vi har grunnkurs i palliasjon. Dei framhevar også at nettverket har eit godt fagleg fokus. Dei merka seg også at ressursssjukepleiarane bidrege med kompetanseheving på arbeidsstaden. Ein leiar framheva at det er positivt at: «å sjå at min ressursssjukepleiar får fagleg påfyll og møter andre kollegaer frå andre arbeidsstader.»

Leiarane som rapporterte ser også nokon utfordringar med nettverksarbeidet. Dei skriv at dei opplever det utfordrande å få sett av tid til at ressursssjukepleiaren får utført arbeidet, og at dei i tillegg av og til må dra inn avsett tid grunna drifta.

39 % av ressursssjukepleiarane som rapporterte har hatt møte med leiar. Dette er ei betring frå 2024 då talet var 17 %. Det vert rapportert at nokon tek samtalar undervegs i arbeidet, nokon snakkast jamleg om aktuelle saker og andre får møte avlyst grunna anna som kjem i vegen.

4. Synleggjering og samarbeid

Mål: Nettverket skal vere kjent blant helsepersonell, pasientar og pårørande, og det skal sikrast samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.

Nettverket har også dette året samarbeida tverrfagleg med aktuelle partar som fastlegar, fysio- og ergoterapeutar, prest, sosionom, forvaltning, USHT og Kreftforeningen.

Samarbeid

Ressursssjukepleiarane melder at 59 % har hatt samarbeidsmøte med fastlege og sjukeheimslege. Det vert rapportert at 97 % av ressursssjukepleiarane opplever å få tilgang på personale på sjukehuset når dei treng å drøfte den palliative pasienten, og 68 % opplever at informasjonen dei får frå sjukehuset har tilfredsstillande kvalitet. 52 % av ressursssjukepleiarane på sjukehusa opplever at informasjonen som dei får frå

kommunehelsetenesta om den palliative pasienten har tilfredsstillande kvalitet. Dei ynskjer at kommunehelsetenesta gjev informasjon om pasienten sitt funksjonsnivå, om dei har IP og om det er gjort avklaringar inn mot vidare behandling og HLR status.

Markering av verdsdagen i lindrande behandling

Leiarane av nettverket markerte verdsdagen i lindrande behandling ved å delta på “Stafett for livet” i Førde. Det var appell om nettverket, og filmen om nettverket vart synt på storskjerm.



5. Organisering og drift av nettverket

Mål: Vere eit velfungerande og fullt utbygd nettverk i alle dei fire helseføretaka.

Styringsgruppe

Styringsgruppa har seks medlemmar, og har hatt to møte: eit digitalt møte på hausten og eit møte saman med driftsgruppa i samband med årleg fagdag. Leiaren for driftsgruppa har delteke på begge møta.

Driftsgruppe

Driftsgruppa har 10 medlemmar og gruppa har hatt fire fysiske møte og eit felles møte med styringsgruppa. Driftsgruppa har vore stabil og fulltalig. arbeid

Driftsgruppa har planlagt og gjennomført to introduksjonskurs, grunnkurs i palliasjon, årleg fagdag, sendt ut to nyhende-brev, og årleg rapportering er gjennomført.

Pallnet.no er aktivt brukt gjennom året, og det er kontinuerleg arbeida med å rekruttere nye ressursjukepleiarar og å erstatte dei som sluttar. Det er sendt ut årsplan for 2025 og årsrapport for 2024, samt mandatet for nettverket til alle ressursjukepleiarar og deira leiarar.

Referat frå lokalgruppesamlingane er sendt ut til ressursjukepleiarane og deira leiarar. Leiarane for nettverket har arbeidd med å stimulere til oppstart av eit nettverk for fysio- og ergoterapeutar, men diverre er vi ikkje komen dit at vi har eit nettverk for gruppa. Leiarane for nettverket har delteke på to møte i Bergen, saman med dei andre som driftar nettverka i Helse-region Vest.

Årleg rapportering

Ressurssjukepleiarane og leiarane skal årleg svare på rapportering om sin funksjon. Kvar haust vert det sendt ut årleg rapportering til ressurssjukepleiarane og deira leiarar. Resultatet gjev eit godt grunnlag for oppsummering av aktivitetane gjennom året i nettverket.

Denne hausten vart det i tillegg gjeve tid på lokalgruppesamlingane til å svare på rapportering, for om mogleg å auke svarprosenten.

86 (81 %) ressurssjukepleiarar og 27 (40 %) leiarar har svara på rapportering og det syner oss at vi har nådd målet om 80 % svar på årleg rapportering for ressurssjukepleiarane.

43 % av ressurssjukepleiarane svarar på rapportering at det er rutine for å informere nye tilsette på eigen arbeidsstad om nettverket. Vi ser av frie kommentarar at dette ikkje er sett i rutine hjå mange og at det vert litt tilfeldig. Ressurssjukepleiarane skriv at dei kan bli betre på å informere og nokre har tankar om at informasjon om deira funksjon og rolle kunne vore med i opplærings-/informasjons hefte for nytilsette.

Økonomi

Nettverket hadde ved utgangen av 2025 kr 61 248,- på nettverkskontoen.

Konklusjon

Det har vore stabil drift av nettverket også i 2025. Ressurssjukepleiarane melder at pasient- og pårørande arbeidet er gjevande, og det gjev arbeidsglede når ein får til gode pasientforløp. Under frie kommentarar står det mellom anna:

- *«Fått gjort en god jobb med å ivareta både pasient og pårørande, samt oppfølging av detaljer rundt behandling/ønsker.»*
- *«Starta opp mange planar. Fleire fekk døy heime. God oppfølging av pasientar og pårørande både over kort og lang tid.»*
- *«Fått bidrege til at pasient har fått vere i heimen etter eige ønske, sjølv om pasienten er svært dårleg og det er mykje prosedyrar.»*

Nettverket skal kjenneteiknast av høg kvalitet på arbeidet. Kompetanseheving og utveksling av erfaring vert framheva som viktige element i nettverksarbeidet. Det er gledeleg at 59 % av ressurssjukepleiarane har hatt internundervisning med tema innan kreftomsorg og lindrande behandling og 51 % har brukt undervisningsmalane til nettverket.

Men vi merkar oss at det er krevjande tider med mangel på ressursar, som tid og personell i helsetenesta. Det er difor gledeleg at vi har nådd målet om 80 % oppmøte på lokalgruppesamlingane.

Det var låg svarprosent frå leiarane og vi ser at vi må jobbe vidare med forankring hjå leiar, at leiar har kjennskap til mandatet, og at leiar og ressurssjukepleiarar gjennomføre samtale om arbeidet.

Nettverket har følgd og gjennomført årsplanen, men vi har ikkje lykkast i å få eit fullt fungerande nettverk innan fysio- og ergoterapi i 2025 i vårt område, slik vi la planar for. Det ynskjer vi å jobbe vidare med i 2026.

Vi har fått til mykje godt arbeid med dei ressursane som vi har til rådighet. Samlingane rundt om i kommunane er eit høgdepunkt gjennom året. Det er inspirerende å høyra kva

den enkelte får til på sin arbeidsstad. Vi er godt nøgd med arbeidet i nettverket også dette året.